

Saksbehandlar: Ida-Beate Mølmesdal, Fylkesrådmannen  
 Sak nr.: 16/9023-8

## **Endring av retningslinjer for tilskotsordning til hurtigladestasjonar**

### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Retningslinene for tilskotsordning til hurtigladestasjonar for elbil vert justert slik at fleire typar ladestasjonar/infrastruktur for nullutsleppskøyrety kan støttast.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å justere retningslinene i samsvar med punkt 1.

### **Vedlegg:**

1. Nye hurtigladestasjonar knytter Norge sammen. Oversikt over strekningane som ENOVA gav støtte til i 2015 og 2016.
2. Gjeldande retningslinjer for støtte til hurtigladestasjonar (vedteken i FT-sak 53/16)

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Fylkestinget har vedteke å etablere ei tilskotsordning for hurtigladestasjonar i 2016 (FT sak 53/ 16). Det er no to tilskotsordningar knytt til klima- og miljøområdet for oppfølging av Regional plan for klimaomstilling (FT-sak 26/18):

- Tilskotsordning for klima- og miljøtiltak (2,2 millionar kroner)
- Tilskotsordning for hurtigladestasjonar (610 000 kr).

Føremålet med tilskotsordninga for hurtigladestasjonar var at fylkeskommunen skulle halde fram å ha ei koordinerande rolle med å få på plass hurtigladestasjonar slik at ein kan nytte seg av elbilar i heile fylket. I saka står det mellom anna at:

*«Tilskotsordninga vert revidert dersom det frå statleg hald vert gjort endringar i gjeldande støtteordning gjennom ENOVA, eller ved behov når Regional transportplan og Regional plan for klimaomstilling vert vedtatt.»*

ENOVA har endra si støtteordning etter dette vedtaket, i tillegg er ny Regional transportplan og Regional plan for klimaomstilling vedtatt.

### **2. Vurderingar og konsekvensar**

Tidlegare gjaldt ENOVA si ordning heile vegstrekningar (sjå vedlegg 1), noko som bidrog til at tilgangen til hurtigladerar blei betydeleg forbetra i fylket. I 2015 og 2016 gav ENOVA til saman 50,5 millionar kroner i støtte til utbygging av 230 hurtigladerar for elbil langs ei rekke strekningar (sjå vedlegg 1). For Sogn og Fjordane gjaldt dette E39 gjennom fylket, RV5 Lærdal-Florø, RV7/ RV52 Hønefoss-Borlaug og RV15 Otta- Måløy. Dette gjorde til at hovudvegane i fylket blei dekkja, med

unntak av aksene mellom Indre og Ytre Sogn via RV55. Gjennom den fylkeskommunale ordninga blei det i 2017 gitt tilskot til Grøn Kontakt som etablerte hurtigladerar i Høyanger sentrum. Dette er den einaste søknaden som har kome knytt til gjeldande ordning. Det står i dag 610 000 kroner att til tilskotsordninga.

ENOVA endra tilskotsordninga si i juni 2017, frå å gjelde heile strekningar til å gjelde tal hurtigladerar per kommune. Støtta blir i dag gitt til bygging av hurtigladestasjonar i kommunar der det er færre enn to hurtigladerar frå før, og støtta blir gitt etter først-til-mølla-prinsippet. ENOVA støtter inntil to hurtigladerar i kvar kommune, med inntil 40 % av godkjende investeringskostnader opp til 200 000 kr. I Sogn og Fjordane er det 9 kommunar som har høve til å søke på denne ordninga, då dei har færre enn to hurtigladestasjonar. Dette er kommunane Balestrand (2), Bremanger (2), Fjaler (2), Hyllestad (2), Selje (1), Solund (2), Vik (2), Eid (1) og Flora (1). Endringane i ENOVA si tilskotsordning gjorde vår tilskotsordning mindre aktuell å søke på, då ein kan få meir midlar gjennom ENOVA si ordning.

I tråd med vedtaket ved etablering av hurtigladeordninga og vedtaket i høve ny klimaplan foreslår fylkesrådmannen at retningslinene for midlane til etablering av hurtigladestasjonar vert endra til å inkludere støtte til etablering av *infrastruktur for nullutsleppskøyretøy*. Ein kan framleis gi støtte til etablering av hurtigladestasjonar, men bør også opne opp for søknadar knytt til andre typar ladestasjonar. Dette kan vere til etablering av hurtigladestasjonar der det er behov for meir enn to stasjonar i kommunen, oppgradering av eksisterande stasjonar, eller andre type laderar til elbilar.

### **3. Konklusjon**

Forslag til endring av retningslinene skulle formelt sett vore handsama av fylkestinget. Slik fylkesrådmannen ser det er likevel snakk om ei mindre endring, og det vert difor foreslått at fylkesutvalet justerer retningslinene og gjer vedtak i saka. Dersom fylkesutvalet ikkje er samd i denne framgangsmåten bør saka sendast fylkestinget for endeleg vedtak.